



Referat møte i Styringsgruppa Idrettscampus Bergen

Dato: 08.08.2018

Tid: 12.00-14.00

Stad: Media City Bergen, Store Læringsrom i UiBs Læringslab i 3.etasje

Deltakrar:

Anne Gine Hestetun, Helge Johnsen, Eivind Lunde, Anne Sissel Faugstad, Gro Anita Fønnes Flaten, Pål Hafstad Thorsen, Oddrun Samdal, Oddvar Jensen, Vibeke Johannesen, Knut Songve, Torhild Næss Vedeler, Frida Mathisen, Pia Mørk Andreassen, Ola Røksund, Britt Karen Spjeld, Frode Karlsen, Randi Marie Berntsen

Forfall:

Møteleiar: Anne Gine Hestetun

Saksliste:

- 10.1 Godkjenning av innkalling og saksliste
 - 10.2 Godkjenning av referat frå møtet 12.04.2018
 - 10.3 Rekneskap
 - 10.4 Status forankringsarbeid, status prosjekt og andre aktuelle oppdateringar
 - 10.5 Nye delprosjekt – prosjektmandat
 - 10.6 Informasjon frå organisasjonsutvalet
 - 10.7 Informasjon frå økonomiutvalet
 - 10.8 Forlenging av avtale
 - 10.9 Merkevarerbygging
 - 10.10 Informasjon om styrke i samspel konferanse
 - 10.11 Møteplan 2018
 - 10.12 Eventuelt
-

10.1 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Innkalling og saksliste godkjent

10.2 Godkjenning av referat frå møtet 16.02.18

Saksunderlag: Referat Styringsgruppemøte 16.02.18

Vedtak: Referat godkjent

10.3 Rekneskap

Saksunderlag: Rekneskap 2018 per 18.07.2018

Gjennomgang i møtet av dagleg leiar

Kommentarar til rekneskap:

- *Kostnadar tilknytt Knutepunktet som Idrettscampus Bergen skal dekke ligg per dags dato under Helse Bergen sitt rekneskap.*
- *Kostnadar tilknytt Paraidrett frå breidde til topp kjem på hausten.*
- *Kostnadar tilknytt styrke kroppsøvingsfaget og fysisk aktivitet i barnehage og skule avhenger av saksgang i Bergen kommune.*



Vedtak: Teke til etterretning

10.4 Status forankringsarbeid, status prosjekt og andre aktuelle oppdateringar

Dagleg leiar gjekk gjennom status. Sjå PP frå møtet for utfyllande informasjon.

Innspel:

Jobbe for å få ein plass i hovedprogrammet på Arendalsuka 2019. Programmet settast i september. Styreleiar tar kontakt med Idrettspresident. Dagleg leiar føl opp vidare.

Dagleg leiar lagar faktaark om Idrettscampus Bergen slik at dei som skal på Arendalsuka i år kan ha denne informasjonen med seg i sine møter/samtalar/presentasjonar. (Dette gjeld Gro Anita, Oddrun, Oddvar og adm.dir HUS – Eivind Hansen).

Gode råd/aktuelle kontaktpunkt i forbindelse med Arendalsuka blir sendt til dagleg leiar.

Vedtak: Teke til etterretning.

10.5 Nye delprosjekt – prosjektmandat

Saksunderlag:

Prosjektmandat - FOU Idrettscampus Bergen

Prosjektmandat – Skulegarden vår.

Innspel til prosjektmandat skulegarden vår:

- *Kva fysiske rammer gir best aktivitet?*
- *Kan ein spisse det inn mot ungdomsskular?*
- *Vil vi skape forventning om vidare investeringsmidlar?*
- *Når vi dei vi vil nå?*
- *Kva skulegardar har det som fungerer?*
- *Kva rolle har ICB i dette prosjektet, og kvifor er det i vår portefølje?*
- *Spisse prosjektet meir.*

Vedtak:

Pkt1: Styret godkjenner prosjektmandat «FOU Idrettscampus Bergen». Styret ynskjer at prosjektmandatet «Skulegarden vår» jobbast vidare med på bakgrunn av innspel og at revidert utgåve presenterast på neste styremøte.

Pkt2: Styret ynskjer at det utarbeidast eit forslag til årshjul der det leggst opp til at nye prosjektmandat behandlast 2 gongar i året, knytt opp mot budsjettprosessar.

10.6 Informasjon frå organisasjonsutvalet

Saksunderlag: Plan organisasjonsutvalet

Organisasjonsutvalsleiar informerte om arbeidet så langt og planen vidare.

Innspel:

Avklare forventningar om kva organisasjonar ein kan opne opp for.

Kven kan forplikte seg i eit langsiktig perspektiv?

Skilje mellom eigarar og samarbeidspartar. Kva er mest hensiktsmessig?

Skape grunnlag for ein berekraftig driftsmodell som ikkje er personavhengig.

Sjå på andre organisasjonar som vi kan samanliknast med.

Vedtak: Organisasjonsutvalet utarbeidar og sender ut eit skjema kor dei alternative organisasjonsformene presenterast, alle organisasjonane tilbakemelder kva



organisasjonsform dei juridisk kan vere ein del av. Foreløpig anbefaling på bakgrunn av dette presenterast for styret før utgangen av 2018.

10.7 Informasjon frå økonomiutvalet

Saksunderlag: Plan økonomiutvalet

Økonomiutvalsleiar informerte om arbeidet så langt og planen vidare. Styreleiar ynskjer ei liste over aktuelle organisasjonar og beslutningstakarar som kan bidra med midlar inn i Idrettscampus Bergen. Kvar vi kan skaffe midlar avhenger av kva organisasjonsform vi endar opp med.

Vedtak: Teke til etterretning

10.8 Forlenging av avtale:

Saksunderlag: Avtale Idrettscampus Bergen

Avtalen, slik den er, går ut desember 2018. Pga. forskyvd oppstart har dagleg leiar kontrakt ut juli 2019. Avtalen bør forlengast i vente på arbeid i organisasjonsutval og økonomiutval.

Vedtak: Behandlinga av denne saken vert utsett til neste styremøte og i etterkant av strategisamling.

10.9 Merkevarerbygging

Korleis kan vi saman sikre at Idrettscampus Bergen blir ein kjent merkevare?

Innspel:

Jobbe for å få saker i media der Idrettscampus Bergen er tydelig avsendar. (BT, BA, Bergenseren, Bergensmagasinet).

Lansere ein podcast.

Invitere journalistar til lunsj for å presentere vårt arbeid. Vurdere å gjere dette på «Styrke i samspel konferanse».

Tydeliggjere kva Idrettscampus Bergen er.

Vedtak: Dette jobbast vidare med under strategisamling.

10.10 Informasjon om styrke i samspel konferanse

Saksunderlag:

Foreløpig skisse – Styrke i samspel konferanse.

Sak ikkje handsama

10.11 Møteplan 2018

Vedtak: Det settast av ein heil dag til strategiarbeid den 22. oktober frå 13-20:00. Neste styremøte vert i etterkant av strategisamling. Innkalling sendast ut.

10.12 Eventuelt:

Referent: Randi Marie Berntsen